Tekstar i Forskingsrådets avtaledokument for FoU-prosjekt frå 1.1.2012

Blå tekst: Forklarer når standardtekst blir skriven ut.
Raudt: Viser kvar særskilde opplysningar om prosjektet kjem fram

Forkortingar i blå tekst er primært til intern bruk i Forskingsrådet. Avtaledokumentet blir skrive ut som ein rapport frå "Forskingsrådets informasjons- og styringssystem" – *Foriss*, som har fått prosjektopplysningar (raudt) frå søknads- og rapporteringssystemet *eSak*., osv.

Praktiske opplysningar om kontraktinngåinga, kven som er Forskingsrådets kontaktpersonar o.l blir gitt i oversendingsbrev til kontrakt. Avtaledokument kan skrivast ut på bokmål, nynorsk og engelsk.

Avtaledokument for FoU-prosjekt

[Konfidensiell behandling når avtaledokumentet inneheld teiepliktige opplysningar]
Unnateke offentleg lov
Offl §13, jf Forv.l §13

Artikkel 1: Kontraktspartane

Mellom

Noregs forskingsråd
Organisasjonsnummer: 970 141 669

(heretter også kalla ***Forskingsrådet***)

og

XXXXXX……..
[Normalt registrert prosjektansvarleg,
dersom ikkje UiB/UNIFOB eller UiA, da sentralt]
Organisasjonsnummer. XXXXXX .....

(heretter kalla ***prosjektansvarleg***)

er det inngått kontrakt om følgjande prosjekt, som omtalt under

(heretter kalla ***prosjektet***).

[Når det er prosjekt med samarbeidspartnarar (nemnde som konsortiedeltagere i Foriss), kjem teksten:]

Følgjande samarbeidspartnarar skal delta i prosjektet

Organisasjonsnummer	**Samarbeidspartnar**
xxxxxxxx	xxxxxxxxxx

[***Her kjem samarbeidspartnarar i prosjektet dersom registrerte i Foriss.]***

Prosjektansvarleg pliktar å inngå samarbeidsavtale med samarbeidspartnarane i samsvar med Generelle vilkår for FoU prosjekter punkt 2.2.

Artikkel 2: Prosjektet

2.1 Prosjekttittel: Xxxxxx

2.2 Prosjektnr: (prosjnr/seksjon) XXXXXX

Ved alle spørsmål – også på utbetalingsdokument – til Forskingsrådet, skal ein alltid oppgi prosjektnummer.

2.3 Prosjektmålet:

[*Her kjem hovudmålet og delmålet for prosjektet. Det er "må"-krav å registrere dette! Dersom målet – uventa – ikkje er registrert, kjem teksten*
Prosjektet er beskrive i søknad motteken (dato), og/eller eventuelle seinare oppdateringar, sjå vedlegg]

2.4 Prosjektbeskriving og prosjektsamandrag

Prosjektbeskrivinga for prosjektnummer (prosjnr/seksjon) går fram av dokumentet: xxxxx
[identifiserbart namn / dato – *referansen må hentast frå Eadmin og leggjast inn manuelt, sjå rettleiing***]**

Endringar i prosjektbeskrivinga føreset føregåande skriftleg godkjenning av Forskingsrådet, og må behandlast som kontraktsendring, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt punkt 14.

Følgjande prosjektsamandrag kan offentleggjerast av Forskingsrådet:

XXXXX
[*Her kjem siste oppdaterte versjon av norsk prosjektsamandrag som er registrert i Foriss.*

For prosjekt som i Foriss er merkte "konfidensiell", kjem teksten:
Prosjektsamandrag kan ikkje offentleggjerast fordi prosjektet skal behandlast konfidensielt]

Artikkel 3: Kontraktsdokument og tolkingsreglar

Kontrakten omfattar:
Dette underskrivne **avtaledokumentet**
samt minimum følgjande dokument som er ein integrert del av kontrakten:

- **Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt** (vedlagt)
- **Prosjektbeskriving** (sjå tilvising i artikkel 2.4)

[For prosjekt med samarbeidspartnarar = samarbeidsprosjekt:
I prosjekt med samarbeidspartnarar skal kopi av signert(-e) samarbeidsavtale(-r) vere vedlagt avtaledokumentet .
For prosjekt med samarbeidspartnarar, slutt]

Ved motstrid mellom reglane i dokument i kontrakten, har dokumenta prioritet i den rekkjefølgja som er nemnde over. Endringar som blir avtalt skriftleg mellom partane etter kontraktsinngåing, er også ein del av kontrakten og har førerett i forhold til dei andre kontraktsdokumenta.

Artikkel 4: Prosjektleiing – administrativt og fagleg

4.1 Prosjektansvarleg har oppnemnt følgjande administrativt ansvarleg og prosjektleiar:

Administrativt ansvarleg

Namn : nn , Tittel :xxx

Prosjektleiar

Namn : nn Tittel : xxx

Skifte av administrativt ansvarleg skal straks meldast Forskingsrådet skriftleg med dei opplysningar om ny stillingsinnehavar som Forskingsrådet etterspør og tidspunktet for tiltreding.

Skifte av prosjektleiar føreset Forskingsrådets føregåande skriftlege samtykke. Ønske om ny prosjektleiar må meldast Forskingsrådet skriftleg med namn, CV og ønskt tidspunkt for tiltreding. Ny prosjektleiar er godkjend dersom Forskingsrådet ikkje har svart innan 30 dagar etter at Forskingsrådet har motteke skriftleg førespurnad frå prosjektansvarleg.

Forskingsutførande stad hos prosjektansvarleg:

Institusjonens 1. namn
Institusjonens 2. namn

4.2 Ansvarleg divisjon/eining i Forskingsrådet er: (divisjon/einingsnamn)
Tilskot er gitt under følgjande program/aktivitet: (namn på aktiviteten)

Artikkel 5: Framdriftsplan – prosjektperiode

Prosjektperioden er:

Frå starttidspunkt: (startdato)
Til avslutningstidspunkt: (sluttdato)

[Her kjem framdriftsplan som skal vere registrert, som eksempel:.

```
Prosjektansvarleg pliktar å gjennomføre dei aktivitetar som framgår av
framdriftsplanen.

Prosjektaktivitet:          20xx 20xy 20xz 20xæ
    I kvartal:              1234 1234 1234 1234
    prosjektaktivitet 1     XXXX
    prosjektaktivitet 2      XXX XX
    prosjektaktivitet 3         XXXX XXXX
    prosjektaktivitet 4               XXX X
    prosjektaktivitet 5                 X XXXX
```

Dersom framdriftsplanen uventa skulle vise seg ikkje å vere registrert i Foriss, kjem teksten:]
Framdriftsplanen er beskriven i søknad motteken (dato), og/eller eventuelle seinare oppdateringar, sjå vedlegg.

Artikkel 6: Finansiering av prosjektet

6.1 Finansieringsplan (faktiske inntekter i heile tusen kroner)

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med følgjande finansieringsplan:

	Sum	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*
Off. finansiering								
Privat finansiering								
Internasjonale midlar								
Forskingsrådet								
Eigenfinansiering								
Totalsum								

[Hvis FORINFRA kommer teksten:
Forskingsrådets bidragsfinansiering, eigenandel for prosjektansvarlege og eventuelle bidrag frå samarbeidspartnarar er spesifisert som investerings-/etableringskostnader og /eller driftsstøtte i prosjektbeskrivinga.
Tekst FORINFRA slutt]

Endringar i finansieringsplanen føreset på førehand skriftleg godkjenning av Forskingsrådet og må behandlast som kontraktsendring, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt punkt 14.

6.2 Spesifisering av Forskingsrådets tilskot år 1 og tilsegn for kommande år

[Dersom prosjektet er brukarstyrt, kjem teksten:
år1: inntil NOK nnn avgrensa til xx.x % av godkjende faktiske prosjektkostnader.
år2: inntil NOK nnn avgrensa til xx.x % av godkjende faktiske prosjektkostnader.
år3: inntil NOK nnn avgrensa til xx.x % av godkjende faktiske prosjektkostnader.
år4: inntil NOK nnn avgrensa til xx.x % av godkjende faktiske prosjektkostnader.
Tekst for brukarstyrt prosjekt slutt.]

[Elles kjem teksten:
(år 1)
(kontonamn)

Sum budsjett NOK nnn

(år 2)
(kontonamn)

Sum budsjett NOK nnn

Tekst slutt.]

[Dersom det finst midlar på prosjektet både frå Forskingsrådet og anna finansiering – og det IKKJE er eit brukarstyrt prosjekt, kjem teksten:
Forskingsrådets tilskot utgjer xx % av planlagde prosjektkostnader.
Tekst slutt.]

6.3 Utbetaling

Forskingsrådets tilskot for første år og eventuelle tilsegner for etterfølgjande år blir utbetalt i samsvar med vilkåra fastsette i denne avtalen og Generelle vilkår for FoU-prosjekt..

[Tekst dersom prosjektet er brukarstyrt og er merkt med automatisk utbetaling (inneber også automatisk utbetaling stoppa):
Automatisk utbetaling blir sett i verk etter at første prosjektrekneskapsrapport er godkjend.
Når den første prosjektrekneskapsrapporten er godkjend, skjer utbetaling automatisk tertialvist for 1. og 2. tertial i kalenderåret dersom prosjektet er i samsvar med kontraktsfesta framdrifts- og finansieringsplan. For 3. tertial skjer utbetaling ut frå godkjend prosjektrekneskapsrapport.
Tekst dersom prosjektet er brukarstyrt og er merkt med automatisk utbetaling (automatisk utbetaling stoppa), slutt]

[Tekst dersom prosjektet er merket med automatisk utbetaling (inneber også automatisk utbetaling stoppa):
Utbetalingar skjer automatisk kvart tertial dersom prosjektet er i samsvar med kontraktsfesta framdrifts- og finansieringsplan.
Tekst dersom prosjektet er merkt med automatisk utbetaling (automatisk utbetaling stoppa), slutt]

[Tekst dersom ingen av tekstane over slår til (ikkje automatisk utbetaling):
Dette prosjektet er ikkje omfatta av fellesordning med automatisk utbetaling. Utbetaling skjer etterskotsvis på grunnlag av motteken og godkjend faktura for prosjekt. Både fakturaer og andre betalingsdokument må sendast Forskingsrådet så snart som mogleg på basis av faktiske kostnader, tydeleg merkte med prosjektnummeret som "Dykkar ref". Siste frist for innsending av faktura er 20 dagar etter det kalenderåret fakturaen relaterer seg til.
Tekst dersom ingen av tekstane over slår til (ikkje automatisk utbetaling), slutt]

[Tekst hvis FORINFRA:
Dette prosjektet er ikkje omfatta av fellesordning med automatisk utbetaling. Utbetaling skjer etterskotsvis på grunnlag av motteken og godkjend faktura for prosjektet. Alle kostnader skal spesifiserast og kunne dokumenterast med nødvendige vedlegg. Faktura basert på rekneskapsførte kostnader skal sendast Forskingsrådet så snart råd er, tydeleg merkt med prosjektnummeret som "Dykkar ref". Siste frist for innsending av faktura er 20. januar året etter det kalenderåret fakturaen relaterer seg til.
Tekst hvis FORINFRA slutt]

6.4 Kostnadsplan (faktiske kostnader gjennom heile prosjektperioden i heile tusen kroner)

6.4.1 Fordeling av kostnader på kostnadsslag (i heile tusen kroner)

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med følgjande kostnadsplan:

	Sum	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*
Personal- og indirekte kostnader								
Innkjøp av FoU-tenester								
Utstyr								
Andre driftskostnader								
Totalsum								

Endringar i kostnadsplanen føreset på førehand skriftleg godkjenning av Forskingsrådet og må behandlast som kontraktsendring, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt punkt 14.

[Tekst hvis FORINFRA:
Personalkostnader og indirekte kostnader: Berre synleggjorde personalkostnader og indirekte kostnader knytte til infrastrukturens tilleggsbehov i høve til prosjektbeskrivinga.

Innkjøp av FoU-tenester: Berre eventuelle meirkostnader forbunde med særleg kostbare tekniske installasjonar som er spesifiserte i prosjektbeskrivinga. Institusjonen er sjølv ansvarleg for å gjere føremålstenlege lokale tilgjengeleg for forskingsinfrastrukturen utan at prosjektet blir belasta for dette.

Utstyr: Alle innkjøp av forskingsinfrastruktur, jf. Generelle vilkår for FoU-prosjekt, pkt.1 (vitskapleg utstyr, laboratorium, pilotanlegg, elektronisk infrastruktur, vitskaplege databasar (inkl. tidsseriar), vitskaplege samlingar m.v.)
Andre driftskostnader: Kostnader som kjem på ved å eige og vedlikehalde infrastrukturen. Desse inkluderer service/vedlikehald, energiforbruk, forbruksmateriell, etc., samt lønnskostnader for driftspersonale.
Tekst hvis FORINFRA slutt]

6.4.2 Fordeling av kostnader på kostnadsstad (i heile tusen kroner)

Kostnadene skal fordeleast på kostnadsstader som følgjer:

	Sum	*åååå*	*Åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*	*åååå*
Næringsliv								
Instituttsektor								
UoH-sektor								
Andre sektorar								
Utlandet								
Totalsum								

Endringar i fordelinga mellom kostnadsstader føreset Forskingsrådets på førehand skriftlege godkjenning, og må behandlast som kontraktsendring, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt punkt 14.

Artikkel 7: Rapportering

[Dersom prosjektet er brukarstyrt, kjem teksten:
Prosjektet er brukarstyrt, og skal sende følgjande rapportar til Forskingsrådet:
• Prosjektrekneskapsrapportar
• Framdriftsrapportar, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.1
• Sluttrapport, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.2
• Eventuelt andre rapportar

7.1 Prosjektrekneskapsrapportar

Prosjektrekneskapsrapporter skal leverast for kvart kalenderår. Rapportane skal vise dei totale faktiske inntektene for prosjektet samanhalde med dei totale faktiske kostnadene for prosjektet. Følgjande kostnadsslag skal nyttast i rekneskapsføringa til prosjektansvarleg:

- Personal- og indirekte kostnader
- Innkjøpte FoU-tenester (U&H, institutt)
- Utstyr
- Andre driftskostnader

Første prosjektrekneskapsrapport skal helst leverast ved utløpet av første fulle tertialperiode etter prosjektstart, og seinast ved utgangen av første løyvingsår. Etter dette leverer ein prosjektrekneskapsrapport innan 20. januar kvart år.

Frist: *20. januar*
Skjema som skal nyttast: *Prosjektrekneskapsrapport og Kostnadsspesifikasjon*

7.2 Framdriftsrapportar

Framdriftsrapport skal leverast kvart halvår.
Frist: *1. juni* og *1. desember*.
Framdriftsrapporten skal sendast inn elektronisk via *eRapport*
Elles viser ein til generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.1 og 5.4.

7.3 Sluttrapport

Frist: *1 månad etter utløpet av prosjektperioden*

Sluttrapporten skal sendast inn elektronisk via eRapport
Elles viser ein til generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.2 og 5.4.

7.4 Andre rapportar

Rapportar og publikasjonar som ikkje er omfatta av rapporteringsplikta og som blir utarbeidde på initiativ frå prosjektet, skal ikkje sendast Forskingsrådet med mindre anna er avtalt. Prosjektansvarleg forpliktar seg til å arkivere alle fagrapportar og publikasjonar i minst 10 år etter utløpet av prosjektperioden. Prosjektansvarleg tildeler eventuelt ISBN/ISSN-nummer og syter for pliktavlevering til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

Tekst for brukarstyrt prosjekt slutt]

[Dersom prosjektet er forskarstyrt, kjem teksten:

Følgende rapporter skal sendast til Forskningsrådet:
• Framdriftsrapportar, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.1.
• Sluttrapport, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.2.
• Eventuelt andre rapportar

7.1 Framdriftsrapportar

Framdriftsrapport skal leverast kvart år.
Frist: *1. oktober*.
Framdriftsrapporten skal sendast inn elektronisk via eRapport

7.2 Sluttrapport

Frist: *1 månad etter utløpet av prosjektperioden*
Sluttrapporten skal sendast inn elektronisk via eRapport

7.3 Andre rapportar

Rapportar og publikasjonar som ikkje er omfatta av rapporteringsplikta og som er utarbeidde på initiativ frå prosjektet, skal ikkje sendast Forskingsrådet med mindre anna er avtalt. Prosjektansvarleg forpliktar seg til å arkivere alle fagrapportar og publikasjonar i minst 10 år etter utløpet av prosjektperioden. Prosjektansvarleg tildeler eventuelt ISBN/ISSN-nummer og syter for pliktavlevering til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

Tekst slutt]

[Hvis FORINFRA kommer teksten:
Følgjande rapportar skal sendast til Forskingsrådet:
• Framdriftsrapportar, jf Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.1.
• Sluttrapport, jf Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt, punkt 5.2.
• Eventuelt andre rapportar

7.1 Framdriftsrapportar
Framdriftsrapport skal leverast kvart år.
Frist: 1. oktober.
Framdriftsrapporten skal sendast inn elektronisk via eRapport med obligatorisk vedlegg i samsvar med artikkel 8.

7.2 Sluttrapport
Frist: *1 månad etter utløpet av prosjektperioden*
Sluttrapporten skal sendast inn elektronisk via eRapport.

7.3 Andre rapportar
Prosjektansvarleg vil i løpet av 1. halvår av prosjektperioden bli innkalla til eit møte med Forskingsrådet for statusrapportering.

Rapportar og publikasjonar som ikkje er omfatta av rapporteringsplikta og som er utarbeidd på initiativ frå prosjektet skal ikkje sendast Forskingsrådet med mindre anna er avtala.
Tekst FORINFRA slutt]

Artikkel 8: Andre spesielle kontraktsvilkår og avvik frå generelle vilkår for FoU-prosjekt

[Eventuelle særvilkår knytt til prosjekter med samarbeidspartnarar legg en inn her]
[Eventuell tekst og namn på nøkkelpersonar kan leggast inn her]

[Dersom personar er registrerte i tilsetjingsdialogen:]

[*Dersom ikkje STUDSTIP, GJFORSK eller opphald i utlandet/utanlandsstipend:*]
Til prosjektet er knytt bestemte forskarar/stipendiatar:
(Namn) som (stilling) finansiert av prosjektet for perioden (frå dato) – (til dato).

[*Dersom opphald i utlandet eller utanlandsstipend og POSTUT eller DOKUT*:]
(Namn) som (stilling) finansiert av prosjektet for perioden (frå dato) – (til dato), i (land).

[*Dersom UTANLANDSSTIP*:]
Til prosjektet inngår utanlandsstipend(er):
For (Namn) i perioden (frå dato) – (til dato) i (land).

Dersom STUDSTIP:]
Til prosjektet er knytt studentstipendiat(ar):
(Namn) i perioden (frå dato) – (til dato).

[*Dersom GJFORSK*:]
Til prosjektet er knytt gjesteforskar:
(Namn) i perioden (frå dato) - (til dato), frå (land).

[*Dersom stilling er registrert i stillingsdialogen utan at tilsetjingsdialogen er fylt ut*:]
Det skal knytast ein person som (stilling) til prosjektet.
[Eller, dersom det er registrert fleire stillingar:]
Det skal knytast i alt (n) personar som (stilling) til prosjektet.

[*Normalt, når institusjon er prosjektansvarleg*:]
For stipend/stillingar i arbeidsforhold:
Når forskar/stipendiat er tilsett, sender ein stadfesting med personalia og tiltredingsdato til Forskingsrådet.

Tiltreding skal skje innan avtalt budsjettår med mindre noko anna er skriftleg avtalt med Forskingsrådet.

Forskingsrådets bidrag per forskar/stipendiat følgjer standard satsar og blir tildelte som rundsumtilskot per år for heile stipendperioden, jf. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt punkt 6.1. Ramma for prosjektet blir derfor ikkje oppjustert i løpet av prosjektperioden.

Ved tildeling av postdoktorstipend kan ikkje tiltreding skje før disputas er godkjend.

[*Dersom DOKUT eller POSTUT og stipendiat som prosjektansvarleg*:]
For doktorgradsstipend og postdoktorstipend i utlandet:
Forskingsrådets bidrag per stipendiat følgjer standard satsar og blir tildelte som rundsumtilskot per år for heile stipendperioden. Tilskotet omfattar lønn inklusive sosiale kostnader og drift. Lønn blir utbetalt når Forskingsrådet har motteke underskriven kontrakt og vedlagde arbeidstakarskjema i utfylt stand.

Ved tildeling av postdoktorstipend kan ikkje tiltreding skje før disputas er godkjend.

Følgjande avvik frå generelle vilkår for FoU-prosjekt gjeld: Punkt 3.1, 2.ledd i Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt blir erstatta av følgjande*: Tilskotet blir utbetalt som lønn kvar månad. Driftstilskotet for prosjektet blir utbetalt etterskotsvis på grunnlag av innsende originale fakturaer og kvitteringar. Prosjektnummer skal gå fram som "Dykkar ref". Originale fakturaer og kvitteringar må være sendt Forskingsrådet innan 1. desember for å bli dekte av driftstilskotet for det aktuelle året.*

[Dersom DOKUT eller DOKIN:]
For doktorgradsstipend:
Tildeling av tilskot blir gitt med atterhald om opptak til doktorgradsstudium før tiltreding i stipendiatstilling. Den organiserte forskarutdanninga som Forskingsrådet finansierer, er normert til 3 årsverk.
Eventuelt pliktarbeid blir finansiert og disponert av prosjektansvarleg.

[Dersom utanlandsstipend og ikkje POSTUT eller DOKUT:]
For utanlandsstipend: Utanlandsstipendet blir gitt til dekning av meirutgifter [*Dersom inst. er prosj.ansv:* og blir rekneskapsført som driftskostnad. Prosjektansvarleg har oppgåveplikt.] [*Dersom stip. som prosj.ansv.:* Punkt 3 i Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt blir erstatta av følgjande: Stipendet blir utbetalt ved starten av opphaldet. Forskingsrådet melder frå om stipendet til styresmaktene som "kompensasjonstillegg".]

[Dersom STUDSTIP:]
For studentstipend: [*Dersom inst. som prosj.ansv.:* Studentstipendet blir rekneskapsført som driftsutgift. Prosjektansvarleg har oppgåveplikt.]

[Dersom GJFORSK:]
For gjesteforskar:
Stipendet blir gitt til dekning av meirutgiftene gjesteforskaren har, og blir rekneskapsført som driftsutgift. Institusjonen har oppgåveplikt.

[spesifikke tekstar:]

[Dersom SIP/SUP:]
Ved avslutninga av prosjektet forpliktar prosjektansvarleg seg til å arrangere eit fagseminar for m.a. å gjere greie for forskinga innan programmet og resultat sett i samanheng med den FoU som elles går føre seg internasjonalt på feltet.

[Dersom avdeling *V1,V2,V4,V5, S2, S3, S5 og S6*:]
Arkivering av forskingsgenererte data ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste
Dersom ikkje anna blir avtalt med Forskingsrådet, skal kopi av alle forskingsgenererte data, inkludert nødvendig dokumentasjon, overførast frå prosjektansvarleg til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste. Overføring skal skje så snart som mogleg og seinast to år etter avslutning av prosjektperioden. Skjema for arkivering av data finst på "https://www.nsd.no/nfr/nfr"
.

[Dersom konfidensiell behandling]
Konfidensiell behandling
Prosjektet inneheld teiepliktige opplysningar som skal behandlast konfidensielt. Kun namn på prosjektansvarleg (bedrift), prosjekttittel og kor lenge prosjektet skal vare bli gjort offentleg frå Forskingsrådets prosjektdatabase.

[Ev. registrert tilleggstekst til standard svartekst på kvart enkelt prosjekt]

[Hvis FORINFRA:]
For dette forskingsinfrastrukturprosjektet gjeld:
Regelen i dette punkt 8 presiserer og modifiserer reglane i Generelle vilkår for FoU-prosjekt og somme andre reglar i kontrakten slik det framgår nedanfor.

Tilskotet frå Noregs forskingsråd til forskingsinfrastruktur skal ikkje nyttast til å subsidiere dei økonomiske aktivitetane til prosjektansvarlege eller samarbeidspartnarane.

Forskingsinfrastrukturen skal primært brukast i ikkje-økonomisk aktivitet. Forskingsinfrastrukturen skal i kontraktsperioden (og minimum x år etter prosjektstart) gjerast tilgjengeleg for eventuelle samarbeidspartnarar i prosjektet og andre relevante forskingsmiljø/tredjepartar, men også da hovudsakeleg til bruk i ikkje-økonomisk aktivitet. Slik tilgjengeleggjering skal skje til kostpris.

Forskingsinfrastrukturen kan til ein viss grad også brukast i økonomisk aktivitet, under føresetnad av at denne er nært knytt til primæraktiviteten og at primæraktiviteten ikkje blir svekt. Eksempel på økonomisk aktivitet kan vere bruk av infrastrukturen i oppdragsforsking eller utleige av infrastrukturen til føretak. Det vises til statsstøtteregelverket for nærmare utgreiing for kva ein ser som økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet. I den grad forskingsinfrastrukturen blir stilt til disposisjon for bruk i økonomisk aktivitet, skal dette skje på marknadsmessige vilkår. Dersom marknadspris ikkje eksisterer, skal vilkåra spegle kostnadene med tillegg av ein rimeleg margin.

Prosjektansvarleg pliktar i framdriftsrapporten å rapportere status på følgjande punkt, i tillegg til dei opplysningar som etter kontrakten elles skal framkomme av framdriftsrapporten.

- Korleis infrastrukturen implementerast og gjerast tilgjengeleg for eventuelle samarbeidspartnarar og andre relevante forskingsmiljø/tredjepartar.
- Til kva føremål infrastrukturen blir nytta (grunnforsking, oppdragsforsking, pasientbehandling, forvaltningsoppgåver m.v.).
- Korleis prosjektansvarleg vil handtere driftsansvaret og den nasjonale rolla etter utløpet av kontraktsperioden (alt.: etter at Forskingsrådets finansiering er avslutta).

Når det gjeld rapportering av utviklinga i prosjektets faktiske inntekter og faktiske kostnader skal følgjande rapporterast i særskilt vedlegg:

- Eventuell eigenfinansiering spesifisert som investeringar og/eller driftsutgifter.
- Andre driftskostnader spesifisert som direkte kostnader, personalkostnader, kostnader knytte til serviceavtalar, og kostnader knytte til eventuelle nødvendige oppgraderingar o.a.
- Korleis dei som er lønte av prosjektmidlar medverkar til etablering/drift av forskingsinfrastrukturen.
- Kva vederlag prosjektansvarleg krev for bruk av forskingsinfrastrukturen.

Når det gjeld bruk av forskingsinfrastruktur til forsking som skal handtere store datamengder (tidsseriar, register, samlingar, m.m), skal framdriftsrapporten også vise korleis genererte data blir tekne vare på gjennom lagringsressursar, verktøy for handtering av data og/eller dedikerte punkt til punkt nettsamband for særleg krevjande bruk.

Dersom prosjektansvarleg opprettar ei styringsgruppe for etablering og drift av forskingsinfrastrukturen, har Forskingsrådet rett til å møte som observatør.

Etableringa av forskingsinfrastrukturen må gjerne skje raskare enn nemnt i framdriftsplanen. Prosjektansvarleg må i tilfelle melde endringa i framdriftsplanen til Forskingsrådet som avvik. Forskingsrådet vil godkjenne avviket og gjere raskare utbetaling i høve til motteken og godkjend faktura for prosjektet.

Prosjektansvarleg forpliktar seg til å dekkje kostnadene ved fjerning av forskingsinfrastrukturen når denne ikkje lenger er brukt eller må fjernast av andre grunnar.

Prosjektansvarleg har ikkje tilgang til å overdra, pantsetje eller på annan måte disponere over forskingsinfrastrukturen utover det som er regulert i denne avtalen utan etter Forskingsrådets på førehand skriftlege godkjenning. (Denne regelen gjeld i X år frå prosjektstart)
[Hvis FORINFRA slutt]

Denne kontrakten er utarbeidd i to eksemplar der partane skal ha eitt kvar.

For Forskingsrådet	For prosjektansvarleg:
Stad : Oslo Dato : …….	Stad : ..... Dato : .....
Underskrift : .....……	Underskrift : ....
Namn : …….	Namn :
Tittel : …….	Tittel :

Vedlegg:

1. Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt frå <dato/månad/år>
2. Prosjektbeskriving, eventuelt berre tilvisinga til dokumentet i artikkel 2.4
3. Eventuelt andre dokument

[For prosjekt med samarbeidspartnarar:]

- kopi av inngåtte samarbeidsavtalar

Noregs forskingsråd

K-2

Prosjektbeskriving

Prosjektbeskrivinga for prosjektnummer :
(prosjnr/seksjon)

går fram av vedlagde dokument